



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 07.11.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 16:00

Faste orienteringar frå ordførar, varaordførar og kommunedirektør.

- Orientering frå kyrkjeverje
- Orientering ved kommunalsjef Ann Kristin Bolstad og kommunedirektøren

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Inger-Helene Nummedal	SP	Medlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Medlem
Trine Helle Simmenes	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Britt Brudvik	AP	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Lars Bjarte Nesheim	KRF	Medlem
Tor-Arne Helle	INP	Medlem
Arve Martin Rødland	INP	Medlem
Morten Farestveit	INP	Medlem
Leif Inge Eide	R	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin B. Groth	FRP	Varamedlem
Thomas Breivik Hop	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Thomas Breivik Hop
Trygve Jakobsen	FRP	Karin B Groth



Andre møtande:

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
69/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
70/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
71/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
71/2023.1	Høring - forslag til endringer i vannforskriften
72/2023	ENDRING I FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERLSE OG VELFERDSGODE
73/2023	VAL AV LEVEKÅRSUTVAL FOR PERIODEN 2023-2027
74/2023	VAL AV BYGDEUTVIKLINGSUTVAL FOR PERIODEN 2023-2027
75/2023	VAL TIL UTVAL, RÅD, NEMNDER M.M. FOR PERIODEN 2023-2027
76/2023	Gjennomgang av reglement for politiske utval
77/2023	RETNINGSLINJAR FOR ORDFØRARKJEDE
78/2023	INTERPELLASJON - MOBILFRI SKULE OG SFO



69/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Leif Inge Eide (R) fremmar ein sak som ikkje står på sakslista. - Solidaritetsmarkering på FN sin internasjonale flaggdag for det Palestinske folket den 29.november.

Ordførar informerar om at i medhald kommunelova § 11-3 kan eit folkevald organ fatte vedtak i ein sak som ikkje er oppført på sakslista, hvis ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlemma motset seg det. Organet kan fatte vedtak i ein sak der sakspapira ikkje er sendt ut saman med innkallinga, hvis ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlemma motset seg det. Ordføraren avvis saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 69/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

70/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke

KOM - sak 70/2023 Vedtak/Tilråding:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.



71/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke

KOM - sak 71/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vart tatt til orientering.

71/2023.1: Høring - forslag til endringer i vannforskriften

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

KOM - sak 71/2023.1 Vedtak/Tilråding:

72/2023: ENDRING I FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERLSE OG VELFERDSGODE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak.

Fellesforslag frå SP, AP og SV:

Kommunestyret gjer slike endringar i Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferds gode,



Vaksdal kommune

Vaksdal kommune, Vestland

Endring i forskrift.

§5 bokstav C og D vert endra med slikt tillegg: og kontrollutvalet

§6 andre ledd skal lyde: Ordførar sitt verv er tilsvarande 100 % stilling. Godtgjering vert fastsett til 100 % av godtgjersle til stortingsrepresentantane.

§ 6 tredje ledd skal lyde: Varaordførar sitt verv er tilsvarande 25 % stilling. Godtgjering vert fastsett til 25 % av ordførar si godtgjering. Varaordførar får i tillegg dekt tappt inntekt for deltaking i politiske møter.

§6.1 Frikjøpsressurser til partia.

Det vert årleg sett av tilsvarande 2% av ordførargodtgjersle til frikjøp for kvar kommunestyre - representant med unntak av ordførar. Bruk av frikjøpsressursen vert meldt ordførar og politisk sekretær.

Det vert ikkje utbetalt tappt arbeidsforteneste ved bruk av frikjøpsressurs. Møtegodtgjersle vert utbetalt frikjøpte på lik line med andre møtande medlemmer og varamedlemmer.

Frikjøpsressurser til partia gjeld eit (1) år av gangen med start 01.11.2023. Unytta midlar vert stroke.

Fellesforslag frå FRP, INP, R, KRF, H:

Kommunestyret gjer slike endringar i Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Vaksdal kommune, Vestland

Endring i forskrift.

§5 bokstav C og D vert endra med slikt tillegg: og kontrollutvalet

§6 andre ledd skal lyde: ingen endring av gjeldende regelverk

§ 6 tredje ledd skal lyde: ingen endring av gjeldende regelverk

Korrigert fellesforslag frå FRP, INP, R, KRF, H:

Kommunestyret gjer slike endringar i Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Vaksdal kommune, Vestland

Endring i forskrift.



§5 bokstav C og D vert endra med slikt tillegg: og kontrollutvalet

§6 ingen endring av gjeldende regelverk

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Trond Olav Magnussen (H) ba om gruppemøte og fekk det innvilga.

Fellesforslaget frå FRP, INP, R, KRF, H vart trekt og erstatta med korrigert fellesforslag frå FRP, INP, R, KRF, H.

Røysting:

Fellesforslag frå SP, AP, SV vart satt opp mot korrigert fellesforslag frå FRP, INP, R, KRF, H.

Fellesforslag frå SP, AP, SV fekk 11 stemmer (SP, AP, SV) og vart vedteke. Korrigert fellesforslag frå FRP, INP, R, KRF, H fekk 10 stemmer (FRP, INP, R, KRF, H) og falt.

KOM - sak 72/2023 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret gjer slike endringar i Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Vaksdal kommune, Vestland

Endring i forskrift.

§5 bokstav C og D vert endra med slikt tillegg: og kontrollutvalet

§6 andre ledd skal lyde: Ordførar sitt verv er tilsvarende 100 % stilling. Godtgjering vert fastsett til 100 % av godtgjersle til stortingsrepresentantane.

§ 6 tredje ledd skal lyde: Varaordførar sitt verv er tilsvarende 25 % stilling. Godtgjering vert fastsett til 25 % av ordførar si godtgjering. Varaordførar får i tillegg dekt tappt inntekt for deltaking i politiske møter.

§6.1 Frikjøpsressurser til partia.

Det vert årleg sett av tilsvarende 2% av ordførargodtgjersle til frikjøp for kvar kommunestyre - representant med unntak av ordførar. Bruk av frikjøpsressursen vert meldt ordførar og politisk sekretær.

Det vert ikkje utbetalt tappt arbeidsforteneste ved bruk av frikjøpsressurs. Møtegodtgjersle vert utbetalt frikjøpte på lik line med andre møtande medlemmer og varamedlemmer.

Frikjøpsressurser til partia gjeld eit (1) år av gangen med start 01.11.2023. Unyttta midlar vert stroke.



73/2023: VAL AV LEVEKÅRSUTVAL FOR PERIODEN 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak.

Liste 1

Faste medlemmer.

1. Thor Andersen, AP - Leiar
2. Line Kydland, SV - nestleiar
3. Evy Kvamme, SV
4. Inger Helene Nummedal, Sp

Liste 2.

Faste medlemmer

1. Morten Farestveit, INP
2. Trond Olav Magnussen, H
3. Lars Bjarte Nesheim, Krf

Varamedlemmer Liste 1.

1. Arnstein Langhelle, Sp
2. Lillian Seim, Ap
3. Evelyn Boge, SV
4. Leif Inge Eide, R
5. Magne Hestad, Ap
6. Unn Evelyn Gullbrå, Sp

Varamedlemmer Liste 2.

1. Thomas Breivik Hop, H
2. Dan Berge, INP
3. Karin Groth, Frp
4. Bengt Erik Raab, INP
5. Marit Alvheim, Krf

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.



KOM - sak 73/2023 Vedtak/Tilråding:

Liste 1

Faste medlemmer.

1. Thor Andersen, AP - Leiar
2. Line Kydland, SV - nestleiar
3. Evy Kvamme, SV
4. Inger Helene Nummedal, Sp

Liste 2.

Faste medlemmer

1. Morten Farestveit, INP
2. Trond Olav Magnussen, H
3. Lars Bjarte Nesheim, Krf

Varamedlemmer Liste 1.

1. Arnstein Langhelle, Sp
2. Lillian Seim, Ap
3. Evelyn Boge, SV
4. Leif Inge Eide, R
5. Magne Hestad, Ap
6. Unn Evelyn Gullbrå, Sp

Varamedlemmer Liste 2.

1. Thomas Breivik Hop, H
2. Dan Berge, INP
3. Karin Groth, Frp
4. Bengt Erik Raab, INP
5. Marit Alvheim, Krf

74/2023: VAL AV BYGDEUTVIKLINGSUTVAL FOR PERIODEN 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak.



Vaksdal kommune

Liste 1.

Faste medlemmer

1. Trine Simmenes, Sp – leiar
2. Britt Brudvik, Ap – nestleiar
3. Ivar Bergo, Sp

Liste 2.

Faste medlemmer

1. Tor Arne Helle, INP
2. Erlend Hesjedal – Johannesen, H

Liste 1

Varamedlemmer:

1. Maren Amanda Thorkildsen, Ap
2. Mona Grenasberg, SV
3. Kjetil Rødland, Sp
4. Inger Helene Nummedal, Sp
5. Geir Karstensen, Ap

Liste 2.

Varamedlemmer:

1. Jon Olav Ørnes, Frp
2. June Espeland, H
3. Lars Bjarte Nesheim, Krf
4. Bengt -Erik Raab, INP

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 74/2023 Vedtak/Tilråding:

Liste 1.

Faste medlemmer

1. Trine Simmenes, Sp – leiar
2. Britt Brudvik, Ap – nestleiar



3. Ivar Bergo, Sp

Liste 2.

Faste medlemmer

1. Tor Arne Helle, INP
2. Erlend Hesjedal – Johannesen, H

Liste 1

Varamedlemmer:

1. Maren Amanda Thorkildsen, Ap
2. Mona Grenasberg, SV
3. Kjetil Rødland, Sp
4. Inger Helene Nummedal, Sp
5. Geir Karstensen, Ap

Liste 2.

Varamedlemmer:

1. Jon Olav Ørnes, Frp
2. June Espeland, H
3. Lars Bjarte Nesheim, Krf
4. Bengt -Erik Raab, INP

75/2023: VAL TIL UTVAL, RÅD, NEMNDER M.M. FOR PERIODEN 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak.

1. Vedlagt liste vert vedteken.
2. Valnemnd for VNS vert utsett til kommunestyremøtet 12.12.2023
3. Kommunestyret ber om at administrasjonen raskt kjem tilbake med informasjon knytt til val Heimevernemnd og Bergsdalen jordbruksfond.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:



Leiar for valutvalt presenterte oversikt over innstilte kandidatar til utval, råd, nemnder m.m. Det mangler ein representant i styret til AO-senteret. Tor-Arne Helle (INP) foreslår Eli Leiren som styremedlem.

Trond Olav Magnussen (H) foreslår June Espeland som leiar for sakkundig ankenemnd for eigedomsskatt. Kjartan Haugsnes (SV) foreslår Ole-Anders Brekklus som nestleiar for sakkundig ankenemnd for eigedomsskatt.

Ordførar spør kommunestyret om forslagene kan førast inn i lista frå valutvalet. Kommunestyret samtykkar.

Lista som vert utabeida vert lagt til saka etter møtet.

Røysting:

Samla liste over utval, råd, nemnder for perioden 2023-2027 vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 75/2023 Vedtak/Tilråding:

1. Vedlagt liste vert vedteken.
2. Valnemnd for VNS vert utsett til kommunestyremøtet 12.12.2023
3. Kommunestyret ber om at administrasjonen raskt kjem tilbake med informasjon knytt til val Heimevernsnemnd og Bergsdalen jordbruksfond.

76/2023: Gjennomgang av reglement for politiske utval

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Reglementene vert godkjent slik dei ligg føre.

Reglement for Levekårsutval

§ 1 vert endra slik:

SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha sju medlemar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast blant medlemene i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.

Reglement for bygdeutviklingsutval

§ 1 vert endra slik:

SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha fem medlemar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemene blir valde blant medlemene i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.



Fellesforslag frå kommunestyret:

Alle reglementa vert oversendt Ombudsutvalet for full gjennomgang, og utarbeiding av komplette forslag til nye reglement i tråd med ny kommunelov, samt gjerne med tydeligare/forenkla språkdrakt der mogleg.

Kommunestyre ber om at sak om nye reglement vert førelagti kommunestyre innan november 2024.

Ombudsutvalet 29.08.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg vedtak vert samrøystes vedteke. Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

OMB - sak 03/2023 Vedtak/Tilråding:

Ombudsutvalet gjennomgår gjeldande regelverk og vurderer eventuelle behov for endringar. Framlegg til endringar i Reglement for kommunestyret

Rådmann blir endra til kommunedirektør alle plassar i dokumentet

Endre pkt 7.2 (ikkje 7.22) til: Etter Open halvtime gir ordføraren ei orientering om saker som kommunestyret lyt vere kjend med og som ordførar og varaordførar har jobba med sidan sist kommunestyremøte. Det er ikkje høve til å stille spørsmål. Eventuelle spørsmål må avventa til uformell spørjerunde, kf. Pkt 18.1. Dette som eit tillegg til ordførar og varaordførar sine opne kalenderar som er å finna på kommunen sine heimesider.

Tillegg til pkt 7.3: Dette som eit tillegg til kommunedirektør sin opne kalender som er å finna på kommunen sine heimesider.

Endre pkt. 19: Endre møtedag til tysdag og starttidspunkt til 10.00. Endre siste avsnitt til: Det er intensjonen at eit av møta (junimøtet eller desembermøtet) skal haldast med ei høveleg avslutningssamkome.

Sjekke at det er brukt kjønnsnøytrale pronomen om ordførar og kommunedirektør.

Endre punkt 25: setje punktum etter "...på kommunen si heimeside" og fjerne det som står etter.

Endre siste setning pkt 3 til: Dersom desse er skrivne ut, skal dei makuerast eller leverast til kommunenadministrasjonen etter at sakshandsaminga er ferdig.

Framlegg til endringar i Reglement for formannskap/plan/økonomiutvalet og administrasjonsutval

Pkt 8: Fjerne setningen som sagnar med "Dokument som ikkje kan offentleggjerast..."

Pkt 7: Endre siste setning til: Møta i formannskapet skal i hovudsak vere tysdagar i tidsrommet 12.00-



16.00

Framlegg til endringar i Reglement for levekår

Levekår vert erstatta med levekår og bygdeutvikling alle stader i dokumentet

Pkt 7: Endre siste setning til: Møta i utvala for levekår og bygdeutvikling skal i hovudsak vere tysdagar.

Pkt 9: Fjerne ordet ferie frå andre avsnitt

Reglemnt for godtgjersle for folkevalde:

Pkt 6. Om den midlertidige ordninga med varaordførar i 40% held fram må dette endrast i reglementet.

Ellers må alle dokumentet gjennomgåast slik at dei samsvarar med ny kommunelov. Det bør også verte gjort ein språkvask og prøve å forenkle ein del formuleringar. Der innhaldet er likt for alle tre reglement, bør også ordlyden vere lik, t.d. punktet om forfall. Nummerering av punkta bør også vere lik.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Kommunestyret anser ombudsutvalet sin innstilling til vedtak som innarbeida i dei omarbeida reglementene som er lagt ved saka. Kun punktet om ferie vert votert over.

Røysting:

Valutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Det foretas aktiv votering over punkt 9 i ombudsutvalet sin innstilling. Å fjerne ordet ferie som ugyldig fråversgrunn. Kommunestyret vedtok samrøystes å behalde ordet ferie.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fellesforslag frå kommunestyret vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 76/2023 Vedtak/Tilråding:

Reglement for Levekårsutval

§ 1 vert endra slik:

SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha sju medlemar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast blant medlemene i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.

Reglement for bygdeutviklingsutval



§ 1 vert endra slik:

SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha fem medlemar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemene blir valde blant medlemene i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.

Ordet ferie vert ikkje fjerna frå reglementet.

Reglementene vert godkjent slik dei ligg føre.

Alle reglementa vert oversendt Ombodsutvalet for full gjennomgang, og utarbeiding av komplette forslag til nye reglement i tråd med ny kommunelov, samt gjerne med tydeligare/forenkla språkdrakt der mogleg.

Kommunestyre ber om at sak om nye reglement vert førelagti kommunestyre innan november 2024.

77/2023: RETNINGSLINJAR FOR ORDFØRARKJEDE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for bruk av Vaksdal kommune sitt ordførarkjede» slik det ligg føre.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 77/2023 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for bruk av Vaksdal kommune sitt ordførarkjede» slik det ligg føre.

78/2023: INTERPELLASJON - MOBILFRI SKULE OG SFO



Forslag til vedtak lagt inn av Leif Inge Eide (R):

Raudt ønskjer å skifte ut sitt forslag til vedtak.

Nytt forslag:

Raudt ønskjer at kommunestyret skal realitetshandsame forslaget og fatte vedtak i saka, jmf Kommuneleva § 34 pkt. 1.

Forslag til vedtak lagt inn av ordførar Hege Eide Vik (SP):

Kommunestyret ber kommunedirektøren orientere om gjeldande praksis, erfaringar og planar i Vaksdalskulane i høve mobilbruk i barne- og ungdomsskulane og SFO. Kommunestyret ber også om at Ungdomsrådet gir ein uttale om temaet til orienteringa.

Nytt forslag til vedtak lagt inn av Leif Inge Eide(R):

Raudt føreslår at kommunestyret realitetshandsamar forslaget og vedtek at skular og sfo i kommunen blir mobilfrie.

Kommunestyret 07.11.2023

Behandling:

Leif Inge Eide (R) trekk forslag til vedtak, gjeldande framlegg til vedtak frå Leif Inge Eide (R) er då nytt forslag til vedtak.

Røysting:

Forslag til vedtak lagt inn av ordførar Hege Eide (SP) vart satt opp mot nytt forslag til vedtak lagt inn av Leif Inge Eide (R).

Nytt forslag til vedtak lagt inn av Leif Inge Eide (R) fekk 1 stemme (R) og falt. Forslag til vedtak lagt inn av ordførar Hege Eide Vik (SP) fekk 20 stemmer (SP, SV, AP, H, KRF, FRP, INP) og vart vedteke.

KOM - sak 78/2023 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret ber kommunedirektøren orientere om gjeldande praksis, erfaringar og planar i Vaksdalskulane i høve mobilbruk i barne- og ungdomsskulane og SFO. Kommunestyret ber også om at Ungdomsrådet gir ein uttale om temaet til orienteringa.



ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR:

23.oktober: Møte med Eksingedalen og Vaksdal bondelag.

25.oktober: Møte saman med kommunedirektør med Osterøy, Alver og Skyss om båtrutar i Osterfjorden.

25.oktober: Invitert til opent møte av Jepsahusets vener.

31. oktober: Besøk av kommunal- og distriktsminister Erling Sande.

11.november: Ordfører og kommunedirektør hadde møte med dagleg leiar og styreleiar i Vaksdal næringssselskap.

I førre veke var det konstituering av nytt regionråd i Nordhordaland. Lars Fjellstad, ordfører i Osterøy vart vald som ny regionsrådleiar. May-Lynn Oseland, ordfører i Gulen er ny nestleiar.

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØR:

Gjennomført budsjettseminar.

Datatryggleik er eit område kommunedirektøren brukar mykje tid på. Datatryggleik gjeld i alt vi gjer.

Sakshandsamarsystemet skal byttast ut. Politkarane skal nytte programmet Agenda live for å leggje inn forslag, lese sakspapir mm. I overgangen kan det vere litt feil då systemet er nytt for oss.

Nordhordaland UNESCO biosfæreområdet.

ORIENTERING FRÅ KYRKJEVERJE BJART MAGNUS NDOGO ROSVOLD:

Orientering om kyrkjeleg fellesråd.

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØR VED BUDSJETT:

Kommunedirektøren orienterte om budsjett.

SKRIFTLIGE SPØRSMÅL:

Kjartan Haugsnes (SV)

Parkering tungtransport og lade plassar for EL – bilar på senterplassen på Vaksdal.

Vaksdal kommune har etter avtale med Coop etablert 6 plassar for lading av EL bil på senterplassen på Vaksdal. Stort sett er desse plassane opptekne/skjult av bilar frå Felleskjøpet. Samstundes er det oppmerka plassar til Felleskjøpet som sjeldan er i bruk.

Spørsmål.

Vil kommunedirektør kontakte Felleskjøpet og Coop for å etablere felles «køyrereglar» slik at plassane er synlege og tilgjengelege i framtida?

Spørjar kan gjerne få svar til kommunestyret sitt møte 7. november.

Svar frå kommunalsjef Åse Elin Myking:

Kommunen har vore i kontakt med Coop. Dei vil følgje opp avtalen dei har med lastebilane om parkering og følgje opp at dei står på oppmerka plassar. Kommunen vil halde dialogen med Coop framover.

Elbillade plassane har vanlig merking i form av merking på bakken og lade punkt. I tillegg er dei tilgjengelege i ladeapper og i kart.

MUNNLEGE SPØRSMÅL:

Kjartan Haugsnes (SP)

Oppfølgingsspørsmål til skriftleg spørsmål - Kommunen sin policy om eigne område på Vaksdal.



Vaksdal kommune

Administrasjonen skal følge opp spørsmålet.

Leif Inge Eide (R):

Markering av internasjonal solidaritetsdag for det Palestinske folket. Oppmoding til kommunestyret.